



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 14.11.2018  
Vår ref.: 2018/14249-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnafagleg fråsegn - Toska - gnr 43 bnr 4 - nydyrkning - Radøy kommune

Me visar til Dykkar brev datert 19.09.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 15.10.18. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune har vore på synfaring i området, 14.11.18. Det vart ikkje sett synlege automatisk freda kulturminne under synfaringa, og potensalet for nye funn vart vurdert til å vera lågt. Me finn det det ikkje naudsynt å gjera ytterligare undersøkingar i området.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker av trekol eller konstruksjonar blir oppdaga under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune har elles ingen avgjerande merknader til nydyrkninga.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*